



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Inkludering av barn med funksjonsnedsettning i skulen

Inclusion of children with disabilities in school

Kandidatnummer: 257

Bachelor i Sosialt arbeid

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Institutt for velferd og deltaking

19.05.2021

Tal ord: 7660

Abstract

Inclusion is a very important topic in social work. As a socialworker you can work in schools, and therefore you have a good opportunity to help children that fall outside of the social environment to be included. Children with disabilities are often excluded in school, both in the classroom and in the schoolyard .There are mulitiple factors that have a role in this, for example how the school system chooses to handle pupils with disabilities. Another factor is how children's relationships evolve through the years. This study uses literature study to examine this problem. The purpose of this paper is to discuss if inclusion of children with disabilities is good enough as it is, and will include different strategies on how to improve. The results from different articles implices there are much room for improvement when it comes to the inclusion of children with disabilities.

Innholdsfortegnelse

ABSTRACT	2
1.0 INNLEIING	4
1.1 PROBLEMSTILLING	4
1.2 PRESISERING AV PROBLEMSTILLING	4
1.3 GRUNNGJEVING FOR VAL AV TEMA OG PROBLEMSTILLING.....	5
1.4 PRESISERING AV OMGREP.....	5
1.5 MIN FORFORSTÅING	6
1.6 VIDARE OPPBYGGING AV OPPGÅVA.....	7
2.0 METODISK TILNÆRMING.....	7
2.1 SØKEORD OG SØKEKOMBINASJONAR	7
2.2 FRAMGANGSMÅTE	8
2.3 ARTIKLANE EG HAR VALT	9
2.4 KJELDEKRITIKK.....	10
3.0 TEORI.....	11
3.1 RISIKO FOR MARGINALISERING	12
3.2 RELASJONAR	12
3.3 TILPASSA OPPLÆRING.....	13
3.4 STIGMA	13
3.5 SOSIALARBEIDAREN SINE OPPGÅVER I SKULEN	14
3.6 SOSIAL ULIKHEIT.....	14
4.0 RESULTAT	15
4.1 TILPASNING FOR ALLE? – MODELL OG PRAKSIS I FORHOLDET MELLOM TILPASSET OPPLÆRING OG SPESIALUNDERVISNING	15
4.2 SWISS CHILDREN’S MORAL AND PSYCHOLOGICAL JUDGEMENTS ABOUT INCLUSION AND EXCLUSION OF CHILDREN WITH DISABILITIES	16
4.3 RECOMMENDED PRACTICES TO ORGANICE AND DELIVER SCHOOL-BASED SERVICES FOR CHILDREN WITH DISABILITIES: A SCOPING REVIEW	17
4.4 EVERYDAY SEGREGATION AMONGST DISABLED CHILDREN AND THEIR PEERS: A QUALITATIVE LONGITUDINAL STUDY IN NORWAY	18
5. 0 DRØFTING	19
5.1 INKLUDERING OG EKSKLUDERING	19
5.2 TILPASSA OPPLÆRING?	20
5.3 STIGMA	21
5.4 RELASJONAR MELLOM BARNA	22
5.5 INKLUDERING SEINARE I LIVET	23
6.0 AVSLUTNING	24
7.0 LITTERATURLISTE.....	26
VEDLEGG 1 - SØKELOGG	30
VEDLEGG 2 - EKSKLUSJONSPROSESS	34
VEDLEGG 3 - KRITISK VURDERING	37

1.0 Innleiing

Som sosialarbeidar arbeider ein ofte med grupper som blir ramma av marginalisering i samfunnet (Berg et al., 2016, s. 24). Ei av desse gruppene kan vere barn med funksjonsnedsettingar i skulen. Desse barna blir ofte marginaliserte i den form at dei ikkje blir inkludert på same nivå som andre barn, i for eksempel skulegarden eller i skuletimane. Barn med funksjonsnedsettingar får ofte spesialundervisning (Buli-Holmberg & Ekeberg, 2016, s. 100), noko som fører til at dei ikkje blir inkluderte i det same skuleopplegget som andre elevar. Dette er noko som kan vere sosialt ekskluderande. Som sosialarbeidar kan ein arbeide på skular, og har derfor ein moglegheit til å bidra til at inkluderinga av barn med funksjonsnedsettingar blir betre både i klassemiljøet og i det sosiale miljøet i skulegarden. Ein sosialarbeidar på skulen kan bygge relasjonar til barna, og på den måten klare å forstå kva kvart barn treng, og korleis ein kan hjelpe barnet til å bli inkludert. Ein har altså ein stor moglegheit til å hjelpe dei barna som treng det mest.

I denne oppgåva skal eg legge fram teori og forsking på kva marginalisering, stigma og eksklusjon i skulesamanheng kan føre til. I tillegg vil eg komme med døme på korleis barn med funksjonsnedsettingar blir marginaliserte på skulen, og korleis dei betre kan bli inkludert. Til slutt skal eg drøfte all denne informasjonen og komme med konkrete eksempler på korleis barn med funksjonsnedsettingar kan bli betre inkluderte i skulen.

1.1 Problemstilling

Målet med ei problemstilling er at når den blir svart på, skal denne kunne bidra til meir forståing rundt temaet i praksis (Aveyard, 2019, s. 18). Med bakgrunn i temaet eg har valt, blir derfor problemstillinga mi: "Korleis kan ein få til betre inkludering av barn med funksjonsnedsettingar i grunnskulen?".

1.2 Presisering av problemstilling

Barn med funksjonsnedsetting får ofte for lite fokus på skulen. Dei får ofte spesialundervisning, som til dømes kan vere å jobbe åleine saman med ein lærar på eit grupperom (Buli-Holmberg & Ekeberg, 2016, s. 222). Dette gjer at dei ikkje er like inkludert i klassemiljøet som dei andre elevane. Eg vil derfor finne ut om barn med funksjonsnedsetting

blir godt nok inkludert i skolemiljøet på skulen. Eg har valt å avgrense oppgåva til grunnskular, fordi det er her eg tenkjer inkludering er spesielt viktig. Dersom ein ikkje blir inkludert her, kan det bli endå vanskelegare å bli inkludert seinare i skuleåra.

1.3 Grunngjeving for val av tema og problemstilling

Mobbing kan vere med på å skape skilnadar og ekskludere barn, og kan påverke deira psykiske helse (Lunde, 2012). Barn med funksjonsnedsetting er kanskje allereie på utsida av "gjengen", og kan derfor vere eit "lett" offer for mobbing. Dei andre elevane kan oppleve at barnet med funksjonsnedsetting er annleis fordi det får spesialundervising i timen, og på den måten vil barnet allereie vere på utsida av det sosiale miljøet. På bakgrunn av dette kan ein seie at inkludering av barn med funksjonsnedsetting er særskilt viktig å fokusere på i skulen.

Ved å hjelpe barna med funksjonsnedsetting allereie i tidlege skuleår, kan dette føre til at dei blir inkluderte i klassemiljøet, og dermed ulike sosiale miljø seinare i livet. Å ekskludere dei i tidleg alder, vil kunne føre til därleg sjølvkjensle, som igjen kan føre til därlege sosiale evner (Lunde, 2020). Sjølv om inkludering er eit prinsipp for opplæringa i skulen, er likevel berre 40,6% av personar med funksjonsnedsetting i arbeid (Statistikk sentralbyrå, 2020), noko som gjer dette relevant for oppgåva mi. Dersom inkluderinga i arbeidslivet heng saman med korleis individua har blitt inkludert tidlegare i skulen, er denne for därleg. Dette temaet er også relevant ettersom sosialarbeidarar blir meir og meir vanleg å sjå i den norske skulen. Dette vil eg komme tilbake til i teoridelen av oppgåva.

1.4 Presisering av omgrep

Funksjonsnedsetting, eller nedsett funksjonsevne, er tap, avvik eller skade på kroppens biologiske, psykologiske eller fysiologiske funksjonar (Bufdir, 2020). Dette kan både vere medfødt, og komme seinare i livet. Personar med funksjonsnedsetting kan vere alt frå personar med synshemming til personar med utviklingshemming (Tøssebro, 2019, s. 13). I mi oppgåve vil eg fokusere hovudsakleg på barn i grunnskulen med låg grad av psykisk utviklingshemming.

Tilpassa opplæring vil seie opplæring som skal gå føre seg i klasserommet utan at ein individuell plan er opparbeida (St. meld. 31 (2007-2008), s. 74). Opplæringa skal hovudsakleg

skje slik at eleven kan dra nytte av medelevar som ressursar. Læraren skal legge til rette for at kvar enkelt elev får det tilbodet som er best for han, ut i frå hans ståpunkt (St. meld. 31 (2007-2008), s. 74). Den ordinære undervisninga skal vere tilpassa elevar med moderate funksjonsvanskar (Buli-Holmberg & Ekeberg, 2016, s. 25), som vil seie at barn med låg grad av psykisk utviklingshemming går under denne gruppa.

Spesialundervisning er ein del av den tilpassa opplæringa, men denne er berre tilrettelagt for elevar som ikkje får eit tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa (Buli-Holmberg & Ekeberg, 2016, s. 26). Denne undervisninga skal tilpassast kvart individ sine behov, og ein treng ein sakkyndig vurdering før ein elev har rett på denne type undervisning (Buli-Holmberg & Ekeberg, 2016, s. 27). Slik type undervisning krev tilrettelegging av opplegget, noko som ofte føregår i eigne rom utanfor klasserommet (Buli-Holmberg & Ekeberg, 2016, s. 28).

1.5 Min forståing

Etter at eg var i praksis på ein barneskule tidlegare i mitt studieforløp, og seinare i jobbsamanheng, har eg blant anna fått eit innblikk i korleis barn med funksjonsnedsettingar får ein anna undervisning enn dei andre barna. Spesielt ein elev på min praksisplass hadde behov for spesialundervisning, som gjorde at han/ho måtte sitte åleine på eit eige grupperom saman med ein lærar/assistent. Dette førte til at han/ho gjekk glipp av nokre av aktivitetane som skjedde i klasserommet. Det er både fordelar og ulemper med dette. Ein fordel med slik type spesialundervisning er at barna ikkje kjem til å henge så langt etter dei andre på læreplanen, noko dei kanskje hadde gjort viss dei skulle ha haldt det same tempoet som er i klasserommet. Ei ulempe er at dei på grunn av dette går glipp av andre aktivitetar som kanskje ikkje er like lærerike, men som er veldig sosiale og viktige for sosiale ferdigheter.

Både gjennom praksiserfaringa og jobberfaringa har eg opplevd at elevar med funksjonsnedsettingar ofte ikkje blir inkludert i aktivitetar i friminutta, noko som kan skuldast fleire ting. Slik eg har observert det kan det blant anna skuldast at dei øvrige elevane ser på eleven med funksjonsnedsetting som "rar" eller ikkje like flink som dei sjølve.

På bakgrunn av dette kan ein tenkje at elevar så langt ned som i barneskulen har ekskludert barn med funksjonsnedsettingar, noko spesialundervisninga elevane kanskje mottek er med på å forsterke. Dette er noko eg vil drøfte seinare.

1.6 Vidare oppbygging av oppgåva

Vidare i denne oppgåva vil eg blant anna beskrive kva metode eg har valt for å løyse min problemstilling, og forklare korleis eg har kome fram til artiklane eg har valt for denne oppgåva. Eg vil legge fram teori som er relevant for min problemstilling, deretter artiklane eg har kome fram til etter ein grundig søkeprosess. Til slutt vil eg drøfte korleis barn med funksjonsnedsettingar kan bli betre inkludert i skulen, samt kome med konkrete eksempler på korleis inkluderinga kan forbetrast.

2.0 Metodisk tilnærming

I oppgåva vil eg bruke litteraturstudie for å svare på problemstillinga. Litteraturstudie er å systematisk analysere ulike forskingsartiklar for å finne svar på ei problemstilling (Aveyard, 2019, s. 2). Grunnen til at eg har valt litteraturstudie som metode for oppgåva mi, er fordi det allereie finst mange ulike artiklar og bøker som tek opp temaet eg vil skrive om. Intervju som metode hadde også vert interessant, og eg kunne ha funne relevante svar til min problemstilling gjennom å blant anna intervjuje barn med funksjonsnedsettingar. På grunn av at me ikkje har lov til å intervju personar som ikkje har samtykkekompetanse, blei intervju likevel ikkje aktuelt. Eg vil derfor kritisk vurdere nokre av artiklane som omhandlar temaet eg har valt. Ein viktig del av litteraturstudie er å oppsummere den forskinga som allereie finst på eit bestemt område (Aveyard, 2019, s. 4).

For å gjennomføre litteraturstudie mitt har eg valt å bruke søkedatabasane Oria, Scopus og SocIndex. Dette er fordi eg vil ha eit størst mogleg utval av relevante artiklar, og på denne måten vil eg kunne få større treff både på norske og engelske artiklar.

2.1 Søkeord og søkekombinasjonar

Søkeorda eg har brukt for å komme fram til artiklane er "inkludering", "barn", "skole", "barneskole", "funksjonsnedsettelse", "funksjonshemmning" og "psykisk funksjonshemmning"

med ulike endingar på orda. På engelsk brukte eg søkeorda "inclusion", "children", "school", "disability" og "mental disability". Eit døme på ein søkerombinasjon eg nytta er "barn AND funksjonshemming", "skole OR barneskole" og "inkludering OR inkludert". Sjå "Vedlegg 1 - Søkelogg" for fullstendig oversikt over søka mine.

Då eg utførte mine søk valte eg å inkludere desse orda fordi eg meinte at eg på den måten kunne få treff på dei artiklane som var mest aktuelle for min problemstilling. Det var også aktuelt å bruke "psykisk funksjonshemming" i staden for "psykisk funksjonsnedsetting" ettersom eg trudde dette kunne gje treff som var relevante, sjølv om eg i oppgåva tek føre meg funksjonsnedsetting, og ikkje funksjonshemming.

2.2 Framgangsmåte

Inklusjonskriteriane mine var at artiklane skulle vere nyare enn 2011, heile teksten skulle vere tilgjengeleg online, og innehalde informasjon som er relevant for sosialt arbeid og problemstillinga mi. I søkerdatabasen Oria var det for få treff til at eg kunne ekskludere artiklar eldre enn 10 år, og derfor blei dette inklusjonskriteriet sett vekk frå her. I dei andre databasane blei dette inklusjonskriteriet følgt. I søkerdatabasen Scopus var det moglegheit å velje "social sciences", og på den måten fekk eg opp dei mest relevante artiklane for mi problemstilling her.

I litteraturhierarkiet mitt var fagfellevurderte vitskaplege artiklar øvst, etterfølgt av vitskaplege artiklar. Deretter kom teoretiske artiklar som til dømes artiklar med litteraturstudie eller dokumentanalyse. Til slutt i mitt litteraturhierarki kom statistikk frå Statistisk Sentralbyrå og ekspertuttalelsar.

Etter å ha gjennomført desse søka sto eg igjen med 100 artiklar fordelt på dei tre søkerdatabasane. Etter å ha fjerna 3 duplikatar, blei 97 artiklar sett mot inklusjonskriteriane mine. Etter å ha lest abstracta til desse, blei 85 artiklar avvist, og 12 sett opp mot nyare inklusjonskriteriar. Inklusjonskriteriane no var at dei måtte innehalde forsking eller teori om barn med funksjonsnedsetting i grunnskulen eller andre ting som eg tenkte kunne vere relevant for å kunne svare på problemstillinga. Av desse 12 var det to artiklar som ikkje var

fullt tilgjengeleg online. Desse blei derfor ekskludert. Av dei 10 andre, sto eg igjen med fire artiklar som møtte alle mine inklusjonskriteria, og som eg syntest passa best til min problemstilling. Sjå ”Vedlegg 2 - Eksklusjonsprosess” for full oversikt over denne prosessen.

2.3 Artiklane eg har valt

Artiklane eg har valt er:

- Ingrid Fylling. (2007). Tilpasning for alle? - Modell og praksis i forholdet mellom tilpasset opplæring og spesialundervisning. *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, 91(4) s. 303–315.

Dette er ein artikkel eg fann gjennom eit systematisk søk i søkedatabasen Oria. Grunnen til at eg valte denne artikkelen er fordi den handlar om spesialundervisning, noko som er relevant for min problemstilling ettersom fleire barn med funksjonsnedsettingar ofte har behov for dette. Fylling drøftar i denne artikkelen eit prosjekt som føregjekk på ulike skular der dei skulle minske spesialundervisninga, og heller tilpasse den ordinære opplæringa til kvar enkelt elev. Dette er noko eg tenkjer kan vere relevant for oppgåva mi fordi mange av barna som mottek spesialundervisning har nedsett funksjonsevne.

- Gasser, L., Malti, T. & Buholzer, A. (2014). Swiss childrens moral and psychological judgements about inclusion and exclusion of children with disabilities. *Child Development*, 85 (2) s. 532-548.

Dette er ein artikkel eg fann gjennom eit systematisk søk i søkedatabasen Scopus. Eg valte denne artikkelen fordi det er ein studie som viser kva barn i Sveits tenkjer om inkludering og ekskludering av barn med funksjonsnedsettingar, noko som er relevant for denne oppgåva. Artikkelen tek føre seg både mentale og fysiske funksjonsnedsettingar, og undersøker kva barn i både barnehage og grunnskule opp til 6. klasse meiner om temaet. Denne artikkelen er relevant for oppgåva mi fordi eg trur det vil vere bra å få eit innblikk i korleis barn sjølv tenkjer om inkludering av barn med funksjonsnedsettingar.

- Anaby, D. R., Campbell, W. N., Missiuna, C., Shaw, S. R., Bennett, S., Khan, S., Tremblay, S., Kalubi-Lukusa, J. C. & Camden, C. (2019). Recommended practices to organize and deliver

school-based services for children with disabilities: A scoping review. *Child: Care, Health and Development*, 45 (1) s. 15-27.

Denne artikkelen var ein av to artiklar som blei valt ut gjennom eit systematisk søk i søkerdatabasen SocIndex. Eg valte denne artikkelen fordi den handlar om inkludering av barn med funksjonsnedsettingar i skulen, noko som er svært relevant for min problemstilling, ettersom det er dette temaet eg har valt for oppgåva mi. Ein negativ eigenskap med denne artikkelen er at den nyttar litteraturstudie, og ikkje eigen forsking. Det negative med dette er at forfattarane no har tolka andre sin forsking, i staden for å utføre sin eigen. Informasjonen er altså tolka av forfattarane, og ein har ingen garanti for at dei har tolka den rett, utan å oppsøke primærkjeldene. På tross av dette verkar forfattarane likevel truverdige, og resultatet verkar fornuftig.

- Ytterhus, B. (2012). Everyday segregation amongst disabled children and their peers: A qualitative longitudinal study in Norway. *Children and Society*, 26 (3) s. 203-213.

Denne artikkelen var den andre av dei to artiklane som blei valt ut gjennom eit systematisk søk i søkerdatabasen SocIndex. Artikkelen legg fram ein longitudinell studie der Ytterhus har intervjua og observert fleire barn over ein lang periode. Ho har lagt fram ulike reglar som er aktuelle i dei forskjellige alderstrinna til barna, og resultatet viser at barn med funksjonsnedsettingar kjem lengre og lengre vekk frå det sosiale miljøet etterkvart som desse reglane endra seg. Grunnen til at eg har valt denne artikkelen er fordi den er relevant for min problemstilling fordi den viser kva som er viktig for at barn skal bli inkluderte i det sosiale miljøet på skulen.

2.4 Kjeldekritikk

For å finne ut om dei fire artiklane er relevante og fagleg gode har eg brukt Aveyard sine seks spørsmål for kritisk vurdering (Aveyard, 2019, s. 108). I "Vedlegg 3 - Kritisk vurdering" har eg svart på desse seks spørsmåla for kvar enkelt artikkel. Eg har ikkje klart å funne ut om artiklane eg har valt er fagfellevurderte. To av artiklane eg har valt er forskingsartiklar. Den eine artikkelen, av Anaby et al. (2019), er publisert i *Child: Care, Health and Development*

som er eit fagfellevurdert tidsskrift (Wiley Online Library, u.å.). Den andre artikkelen, av Ytterhus (2012), er publisert i Children and Society, som er eit tidsskrift som publisere forsking av høg kvalitet (Wiley Online Library, u.å.). Derfor er begge forskingsartiklane framleis svært truverdige ettersom dei er publisert i truverdige tidsskrift. Den tredje artikkelen, av Fylling (2007), er ein teoretisk drøfting som er publisert i Norsk Pedagogisk Tidsskrift, som er eit fagfellevurdert tidsskrift (Idunn, u.å.). Den siste artikkelen, av Gasser et al. (2014), er publisert i tidsskriftet Child Development, som er eit høgt anerkjent tidsskrift som utgjer forsking for fleire ulike fagfelt (Society for Research in Child Development, u.å.). Dette gjer at også desse artiklane er truverdige på grunn av deira publiseringsplattform.

Alle dei fire artiklane eg nyttar i oppgåva mi har brukte kjelder for å vise til teori. Når eg igjen skal vise til desse i oppgåva mi, har eg prøvd å finne dei opprinnlege kjeldene, noko eg har lukkast med i dei fleste tilfelle. I to tilfelle har eg ikkje lukkast med dette, og har derfor kun vist til artikkelen eg fann det i først. Det beste hadde sjølv sagt vert å funne den opprinnlege kjelda, men på grunn av tidspress og lite resultat på mine søk, har eg valt å heller fokusere på oppgåva.

I teoridelen nyttar eg teori frå ulike kjelder. Nokre av desse, frå Goffman (2018), Frønes & Strømme (2018), Berg et al. (2016) og Tøssebro (2019), er teori som me har hatt på pensum i tidlegare semester. Desse kjeldene meiner eg derfor er truverdige og pålitelege. Det er også ei kjelde, frå Hjelmtveit (2017), eg har fått tilvist av rettleiar, og som er utgitt av Gyldendal Akademisk, noko som gjer at denne også er truverdig. Dei andre kjeldene, frå Sigstad (2017) og Buli-Holmberg & Ekeberg (2016) er teori utgitt av Universitetsforlaget, og er derfor truverdige kjelder. I tillegg har eg brukt ein rapport frå NTNU Samfunnsforsking, noko som har stor truverdigheit fordi den er laga i samarbeid med personar frå Bufdir (Kittelsaa et al., 2015, s. iii).

3.0 Teori

I kunnskapssamfunnet som me har i dag er utdanning mykje viktigare enn det var før. Det er forventa at fleire tek høgare utdanning, og det er eit press på unge om å få gode karakterar på skulen (Frønes & Strømme, 2018, s. 26). For barn med funksjonsnedsetting blir kanskje dette presset ekstra stort, ettersom det er ein risiko for at dei blir marginaliserte i skulen på

grunn av spesialundervisninga dei mottek. Marginalisering i utdanninga kan føre til marginalisering på andre arenaer seinare i livet (Frønes & Strømme, 2018, s. 26). Samfunnet har større krav til både sosial kapital og kunnskapsressursar, noko som går utover dei som slit mest med nettopp dette. Alle barn skal fullføre grunnskulen, men det er ingen tvang å fullføre vidaregåande eller høgare utdanning. Dette fører til at 44% av alle personar med funksjonsnedsetting har grunnskule som høgaste utdanning (Bufdir, 2020).

3.1 Risiko for marginalisering

I kunnskapssamfunnet er det høge krav til kompetanse, og desse blir i stor grad formulert av systema i skulane (Frønes & Strømme, 2018, s. 19). Barn med funksjonsnedsetting når ikkje alltid opp til desse krava, ettersom dei kanskje slit med akademiske resultat. Dei blir derfor ofte marginaliserte i utdanningssystemet, som kan føre til marginalisering på arbeidsmarknaden seinare i livet (Frønes & Strømme, 2018, s. 18). Mangelen på kompetanse blir spesielt tydeleg i overgangen frå ungdom til vaksen, altså når ein byrjar å söke på jobbar (Frønes & Strømme, 2018, s. 26). Barn med funksjonsnedsetting er derfor spesielt i risikosona for å bli marginaliserte seinare i livet, ettersom ein del studiar viser at personar med funksjonsnedsettingar i gjennomsnitt har lågare utdanningsnivå enn andre personar (Proba samfunnsanalyse, 2018, s. 1).

3.2 Relasjonar

Barn med funksjonsnedsetting pleier ofte å danne vennskap og relasjonar med andre barn med funksjonsnedsetting (Sigstad, 2017, s. 202). På denne måten får dei ei tilhørsle, og desse venskapa er ofte sterkare enn venskapa mellom ein med funksjonsnedsetting og ein utan. Dette fordi det kan vere vanskeleg for ein med funksjonsnedsetting å bli inkludert av "dei andre" på skulen (Sigstad, 2017, s. 202). Dette kan føre til at barn med funksjonsnedsetting derfor søker mot kvarandre, og dannar eit venskap mellom seg sjølv. Definisjonen på eit godt venskap er at begge partar føretrekk den andre sitt selskap over tid (Sigstad, 2017, s. 203). Det kan vere utfordrande å definere venskapet til barn med funksjonsnedsetting med denne definisjonen, ettersom dei ofte ikke blir inkludert av dei andre barna, og derfor søker mot kvarandre. Likevel kan venskapet vere godt dersom dei har

dei same interessene, ettersom delt interesse ofte kjenneteiknar eit venskap hjå barn (Sigstad, 2017, s. 203).

3.3 Tilpassa opplæring

Tilpassa, likeverdig og inkluderande opplæring var noko av prinsippa som var relevante i Kunnskapsløftet i 2006 (Buli-Holmberg & Ekeberg, 2016, s. 23). Både i global samanheng, og i skulesamanheng, er inkludering viktig for å kunne byggje eit godt liv seinare (Meld. St. 16 (2006-2007), s. 7). Sjølv om dette er nokre av prinsippa i Kunnskapsløftet, var det i 2020 cirka 49 000 elevar i grunnskulen som fekk spesialundervisning (Statistisk sentralbyrå, 2020). Spesialundervisninga kan vere stigmatiserande, men forfattarane meiner at ved å ikkje gje dei som treng det merkelappen "spesialundervisning", vil ein ikkje klare å gje den rette hjelpa, eller undervisninga, til dei som er avhengig av det (Buli-Holmberg & Ekeberg, 2016, s. 29).

Prinsippet om likeverdig opplæring i Kunnskapsløftet vil seie at alle elevar er like mykje verdt, uavhengig av deira ulike behov og eigenskapar (Buli-Holmberg & Ekeberg, 2016, s. 23). Dette betyr at opplæringa må tilpassast dei ulike elevane sine behov, slik at kvar enkelt elev blir imøtekomen på sine primiss. Ein skal altså ikkje behandle alle likt, men ulikt ettersom alle har ulike behov.

3.4 Stigma

Goffman beskriv tre former for stigma som tiltrekker seg oppmerksamheit frå omgjevnadane, og som kan føre til sosial avvising (Goffman, 2018, s. 21). Ein av desse formane er "karaktermessige feil", som til dømes blir kjenneteikna ved mangel på vilje, overdrivne lidenskapar og uærlegheit. Desse eigenskapane er noko som er "utanfor det normale", og kan derfor vere med på å skildre ein person med psykiske funksjonsnedsettingar (Tøssebro, 2019, s. 13). Goffman meiner at når ein person har slike "karaktermessige feil" vil medmenneske ofte putte dei i ein bås saman med andre med dei same trekka, utan å sjå på dei personlege og unike eigenskapane til personen (Goffman, 2018, s. 22). I tillegg vil slik stigma føre til diskriminering og ekskludering frå samfunnet. Ein

kan sjå på Goffman sin teori om stigma i skulesamanheng, sjølv om Goffman skriv om stigma i eit større samfunnsperspektiv. Dette vil eg drøfte seinare i drøftingsdelen av oppgåva.

3.5 Sosialarbeidaren sine oppgåver i skulen

Det blir viktigare og viktigare å få sosialarbeidarar inn på skulen. Ein undersøking utført av Utdanningsforbundet viser at halvparten av alle lærarar på barneskulen må utføre oppgåver som eigentleg høyrer til miljørettleiarar, rådgjevarar eller helsepersonell (Utdanningsforbundet, 2021). Dette går utover læringsutbytte til elevane. Sosialarbeidarar på skulen kan vere med på å skaffe ekstern hjelp til dei barna som er i risikosona, ved hjelp av sin faglege kompetanse. Ved å skaffe elevane hjelp tidleg, kan dette vere med på å hindre at elevane dett av skuleløpet seinare, for eksempel på vidaregåande skule (Utdanningsforbundet, 2021).

Sosialarbeidarar kan også jobbe med det sosiale miljøet på skulen eller i klassane. Å arbeide for å forbetre dette der det trengst, vil føre til ein god og trygg atmosfære for barna, som igjen kan føre til eit godt læringsmiljø (Buli-Holmberg & Ekeberg, 2016, s. 215).

3.6 Sosial ulikheit

Sosial ulikheit kan blant anna oppstå av forskjellig utdanningsnivå (Hjelmtveit, 2017, s. 102). Personar med nedsett funksjonsevne har, som nemnt tidlegare, i gjennomsnitt lågare utdanning enn resten av befolkninga (Proba samfunnsanalyse, 2018, s. 1). Dette vil altså defineraast som eit sosialt problem. Eit sosialt problem blir definert som ein sosial situasjon som er uforeineleg med verdiene til eit betydeleg tal menneske (Hjelmtveit, 2017, s. 88). At eit problem er sosialt vil seie at det gjeld personar sin åtferd eller ressurssituasjon i forhold til andre (Hjelmtveit, 2017, s. 87), som til dømes utdanningssituasjonen. I skulesamanheng kan dette for eksempel vere dei ressursane eit barn med funksjonsnedsetting kanskje manglar i møte med klassekameratar og utdanningssystemet. Døme på dette kan vere at barn med funksjonsnedsettingar blir ekskludert frå den sosiale arenaen, eller at dei ikkje blir inkludert i dei same aktivitetane i klasserommet fordi dei har behov for spesialundervisning.

4.0 Resultat

I denne delen av oppgåva vil eg legge fram resultat frå kvar enkelt artikkel.

4.1 Tilpasning for alle? – Modell og praksis i forholdet mellom tilpasset opplæring og spesialundervisning

Denne artikkelen er ein teoretisk drøfting av "Modellprosjektet" som blei gjennomført i 2003-2006 av Utdanningsdirektoratet på ulike skular i ulike kommunar (Fylling, 2007, s. 303). Modellprosjektet var eit prosjekt som gjekk ut på å redusere spesialundervisninga på skulane, og heller tilpassa undervisninga til å passe kvar enkelt elev (Fylling, 2007, s. 303). Foreldre og pedagogisk personale på skulane fekk eit spørjeskjema, slik at ein kunne finne ut korleis prosjektet hadde påverka elevane (Fylling & Rønning, 2007, s. 2). Fylling drøftar i sin artikkel forskjellen på tilpassa opplæring og spesialundervisning, og kvifor tiltaka med tilpassa opplæring ikkje har ført til eit betydeleg mindre tal elevar som mottek spesialundervisning.

I "Modellprosjektet" innførte skulane ulike typar tiltak for å betre tilpassa opplæringa (Fylling, 2007, s. 307). Desse tiltaka var individorienterte aktivitetar, metodeorienterte aktivitetar og organisasjons- og systemorienterte aktivitetar. Dei individorienterte aktivitetane, som er mest relevant for min problemstilling, handla om å rette innsatsen mot enkeltelevar som hadde spesielle utfordringar (Fylling, 2007, s. 307). Døme på slike tiltak er blant anna å arbeide med handteringen av åtferdsproblematikken deira. Dette føregjekk i små grupper.

Fylling skriv om eit døme frå "Modellprosjektet" der ein lærar fortel at det er enklare å sjå kvar enkelt elev etter at dei byrja å jobbe meir tilpassa (Fylling, 2007, s. 310). Dei har no sjansen til å sjå korleis kvar elev arbeider, ettersom dei har betre kontakt med elevane. På denne måten kunne læraren no sjå at fleire elevar trengte meir hjelp enn han/ho først hadde trudd. Tilpassa opplæring er derfor også ein metode for å finne ut kva elevane treng hjelp til å meistre.

Auka tilpassa opplæring, i staden for spesialundervisning, kan føre til større synlegheit for elevar som strevar både fagleg og sosialt (Fylling, 2007, s. 310). Fylling konkludera med at dei skulane som deltok i Modellprosjektet og auka den tilpassa opplæringa, likevel ikkje fekk mindre timar med spesialundervisning (Fylling, 2007, s. 312). I følgje ho kan dette skuldast at den tilpassa opplæringa også må støttast opp av andre tiltak for å kunne minske spesialundervisninga.

4.2 Swiss children's moral and psychological judgements about inclusion and exclusion of children with disabilities

Denne artikkelen er ein sveitsisk forskingsartikkel som nyttar kvalitativ metode. Forfattarane forskar på i kva grad barn i ulike aldra og i ulike klasse samansetningar er villige til å inkludere barn med funksjonsnedsettingar. Dei fleste barna meinte det var moralsk feil å ekskludere barn med funksjonsnedsettingar, men ikkje i alle samanhengar (Gasser et al., 2014, s. 532). For eksempel var dei meir villige til å inkludere barn med funksjonsnedsettingar i sosiale samanhengar enn i akademiske og atletiske aktivitetar.

Forfattarane delte intervjuobjekta opp i grupper, 6-åringar, 9-åringar og 12-åringar. Dei fann ut at 6-åringane var mindre villige til å inkludere barn med funksjonsnedsettingar enn 9- og 12-åringar (Gasser et al., 2014, s. 540). I tillegg var elevane som gjekk i klasse med barn med funksjonsnedsetting meir villige til å inkludere dei enn elevar som gjekk i klassar utan barn med funksjonsnedsettingar (Gasser et al., 2014, s. 544).

Forfattarane forska på inkludering av både psykisk funksjonsnedsette og fysisk funksjonsnedsette barn. 6-åringane brydde seg ikkje om kva type funksjonsnedsetting eleven hadde, men både 9- og 12-åringane var mindre villige til å inkludere barn med psykisk funksjonsnedsetting i akademiske aktivitetar enn i sosiale aktivitetar (Gasser et al., 2014, s. 541). 9-åringane var litt betre på å inkludere barn med funksjonsnedsetting i akademiske aktivitetar enn 12-åringane.

Gasser et al. konkluderer med at dess eldre barna blir dess større sansynlegheit er det for at barn vil meine eksklusjon av barn med funksjonsnedsetting er galt (Gasser et al., 2014, s.

543). Dei begrunnar dette med at barnas kognitive sosiale evner utviklar seg, og dei byrjar å sjå at psykisk skade også er galt, og ikkje berre fysisk skade.

Barna i alle aldersgruppene var meir villige til å inkludere barn med funksjonsnedsetting i gruppeaktivitetar der gruppe funksjonen var mindre viktig, for eksempel i sosiale aktivitetar (Gasser et al., 2014, s. 543). Dette gjer at barn med funksjonsnedsettingar blir meir ekskluderte frå akademiske og atletiske aktivitetar, noko som truleg kan skuldast deira psykiske eller fysiske funksjonsnedsetting. Forfattarane konkludera med at inkluderande undervisning kan påverke korleis barna ser på funksjonsnedsettingsbasert eksklusjon (Gasser et al., 2014, s. 545).

4.3 Recommended practices to organice and deliver school-based services for children with disabilities: A scoping review

Artikkelen er ein forskingsartikkel som nyttar litteraturstudie som metode. Forfattarane går gjennom ulik type forsking som tek føre seg elevar med åtferdsproblem og lærevanskar, og kjem med døme på korleis ein kan forbetre deira prestasjonar både på skulen og på den sosiale arenaen.

Å inkludere barn med funksjonsnedsettingar i det ordinære skule- og klassemiljøet vil ha ein positiv effekt på deira sosiale kompetanse (Fisher & Meyer, 2002, s. 269). I USA er over 60% av alle elevar med funksjonsnedsettingar inkluderte i vanlege skular, likevel er det framleis få som opplev sosial deltaking og oppnår gode resultat i skulen (Anaby et al., 2018, s. 16). Dette kan begrunnast med at dei opplev fleire utfordringar knytt til deira helse, til dømes gjennom intellektuelle forseinkingar.

Forfattarane legg fram forskjellige strategiar for å forbetre korleis profesjonelle som arbeider på skular går fram for å arbeide for inkludering av barn med funksjonsnedsettingar og spesielle behov. Eit døme på ein slik strategi er "trekk ut"-metoden, som inneber at ein skal ta elevane ut frå klassen å arbeide med dei enten individuelt eller i små grupper (Anaby et al., 2018, s. 23). Ein anna strategi forfattarane legg fram er direkte gruppebasert teneste, som går ut på at ein skal sette opp grupper med elevar som strevar med dei same problema,

og hjelpe dei gjennom problema saman. Desse to strategiane går hovudsakleg ut på det same, men den sist nemnte tek også opp at ein kan samle foreldra til desse elevane, og trenere dei opp til korleis dei betre kan hjelpe elevane med sine problem (Anaby et al., 2018, s. 23).

4.4 Everyday segregation amongst disabled children and their peers: A qualitative longitudinal study in Norway

Artikkelen er ein forskingsartikkel som nyttar longitudinell metode. Forskinga strakk seg frå 1996-2008, altså over 12 år. Ytterhus utforska korleis barn med funksjonsnedsettingar blei inkludert gjennom barndommen. Ho fann ut at dei streva med å halde følgje med den sosiale utviklinga til dei andre barna etterkvert som dei blei eldre (Ytterhus, 2012, s. 203).

Barn med funksjonsnedsettingar blir ofte marginaliserte når dei er sosialt aktive med sine jamnaldrande (Ytterhus, 2012, s. 204). Ytterhus observerte ulike reglar for samspel som kan føre til at barn med funksjonsnedsettingar blir ekskluderte frå dei andre (Ytterhus, 2012, s. 204). Desse reglane blei delt inn i forbod-reglar og påbod-reglar, og måtte følgjast for at barnet skulle bli akseptert av dei andre (Ytterhus, 2012, s. 207). I alderen 3-9 år var nokre av forbod-reglane at ein ikkje skulle skade andre, ikkje uttrykke feil kjensler og ikkje bli skitten. I denne alderen er det ikkje komme påbod-reglar endå. I alderen 10-14 år var forbod-reglane mykje dei same som i 3-9 års alderen, men dei er meir tilpassa kva aktivitet som føregår i det eksakte augneblikket. Det har i tillegg komme påbod-reglar om at ein blant anna skal vere god nok, og ikkje skilje seg for mykje ut (Ytterhus, 2012, s. 207). I den siste aldersgruppa, 15-16 år, er forbod-reglane mindre relevante, mens påbod-reglane er meir tilpassa kva gruppe ein tilhøyrar (Ytterhus, 2012, s. 207). For barn med funksjonsnedsettingar kan det bli spesielt vanskeleg å følgje påbod-reglane, ettersom desse reglane er meir individ- og skjønnnsbaserte ut i frå kva gruppe ein tilhøyrar.

For barn som ikkje tilhøyrar ei eksakt gruppe blir det verre og verre dess eldre dei blir, då hobbyar, klesstil og interesser blir viktigare og viktigare (Ytterhus, 2012, s. 210). Barn med funksjonsnedsettingar blir på grunn av desse faktorane ekskluderte frå det sosiale miljøet, ettersom det blir vanskelegare for dei å finne ei gruppe å høyre til. Dette fører til at dei blir

marginaliserte, noko risikoen berre blir større og større for med alderen (Ytterhus, 2012, s. 211).

5. 0 Drøfting

I denne delen av oppgåva skal eg drøfte problemstillinga mi, som er ”Korleis kan ein få til betre inkludering av barn med funksjonsnedsettingar i grunnskulen?”, opp mot tidlegare nemnt teori og resultat frå artiklane.

5.1 Inkludering og ekskludering

I fleire av artiklane, Ytterhus, Anaby et al. og Gasser et al., blir inkludering og ekskludering av barn med funksjonsnedsettingar drøfta. I dette underkapittelet vil eg drøfte deira konklusjonar og forsking opp mot eigne praksiserfaringar og tidlegare nemnt teori.

Ut i frå informasjon frå artikkelen til Gasser et al. (2014) blir barn med funksjonsnedsettingar meir og meir ekskluderte dess eldre dei blir (s. 541). Dette kan sjåast opp mot Ytterhus sine funn om korleis barn med funksjonsnedsetting ikkje klarar å følgje endringane av ”reglane” som blir innført av barna (Ytterhus, 2012, s. 204). Ved å ikkje klare å tilpasse seg desse endringane av reglane, vil dei bli ekskluderte. Nokre av desse reglane går ut på korleis ein går kledd (Ytterhus, 2012, s. 210), noko som kan vere enkelt å tilpasse seg. Andre reglar som ikkje er fullt like enkelt å tilpasse seg er reglar om kva ein skal vere interessert i for å passe inn. Ut i frå min erfaring frå praksis kan det verke som barn med funksjonsnedsettingar har meir barnslege interesser enn andre barn på same alder. Dette gjer at dei derfor ikkje ”passar inn” saman med dei andre. Eit døme på dette er frå min praksisperiode. I siste timen før helg skulle klassen få sjå på ein kort episode frå ein serie for å avslutte dagen på ein fin måte. Når læraren spurde klassen kva dei ville sjå på, svarte dei fleste hovudsakleg det same, medan eleven med funksjonsnedsetting ville sjå på ein anna serie, som var for mindre barn. Dei andre barna var veldig i mot dette, ettersom dei hadde vakse frå denne serien. Liknande situasjoner oppstod regelmessig.

Ytterhus legg fram forsking på ulike reglar som er innført av barna for at dei skal bli inkluderte (Ytterhus, 2012, s. 204). Barn med funksjonsnedsettingar har ofte vanskar med å

tilpasse seg desse reglane, spesielt når dei blir eldre. Dette kan vere ein grunn til at det er vanskeleg for dei å bli inkludert av dei andre barna på skulen (Sigstad, 2017, s. 202). For elevar med funksjonsnedsettingar er det ofte den sosiale arenaen dei strevar mest med (Buli-Holmberg & Ekeberg, 2016, s. 224). Det er derfor viktig at ein legg til rette for eleven sine samspel med andre elevar. I følgje Buli-Holmberg og Ekeberg er ein måte å gjere dette på å til dømes legge til rette for at eleven kan få spele spel i lange friminutt saman med andre, og la han vere med på kantinedrifta saman med andre elevar. På denne måten kan ein sikre inkluderinga av elevar med funksjonsnedsettingar, i det minste på eit visst nivå. Frå min praksiserfaring har eg fått innblikk i korleis nokre skular har laga ein plan over aktivitetar som skal gjennomførast i visse friminutt. Alle elevane i klassen skal vere med på denne aktiviteten, noko som igjen gjer at alle blir inkluderte og får vere med. På denne måten sikrar ein at barn med funksjonsnedsettingar blir inkludert av dei andre, og dei kan få "lære" seg dei reglane som er gjeldande der og då for å "passe inn i gjengen".

5.2 Tilpassa opplæring?

Fylling sin artikkel drøftar spesialundervisning versus tilpassa opplæring. I artikkelen drøftar ho kvifor tal elevar som mottek spesialundervisning ikkje går ned, når den ordinære opplæringa blir tilpassa, slik målet var i Modellprosjektet. Slik spesialundervisinga blir beskriven av Fylling, er den med på å "låse" dei elevane som mottek den til ei spesiell gruppe beståande av dei som har behov for spesialundervisning (Fylling, 2007, s. 306). Ved å gje desse elevane spesialundervisning i staden for tilpassa opplæring, vil skulen sikre seg at dei får det same læringsutbyttet som dei andre elevane. På den andre sida fører denne spesialundervisinga til eit skilje mellom elevane som får spesialundervisning, og elevane som ikkje får det. Undervisninga sikrar med andre ord læringa, men ikkje inkluderinga.

Den tilpassa opplæringa skal gje opplæring som passar for den enkelte elev (Meld. St. 30, (2003-2004)), i det ordinære klasserommet. Men ved å gje elevar med funksjonsnedsettingar og andre lærevanskar spesialundervisning i staden for, blir ikkje dette kravet frå Kunnskapsdepartementet møtt. Anaby et al. (2018) legg fram eit eksempel på ein strategi for korleis ein betre kan inkludere barn med funksjonsnedsettingar i skulen, ved å for eksempel trekke dei ut av klasserommet og heller jobbe med dei individuelt (s. 23). Dette

kan minnast om spesialundervisning, noko eg har drøfta tidlegare både kan vere med på å inkludere dei i utdanningsforløpet, men ekskludere dei frå det sosiale miljøet i klassen. Eit anna eksempel på korleis ein betre kan klare å inkludere barn med funksjonsnedsettingar er å lære opp personalet, til dømes lærarar og miljørettleiarar, til å betre utnytte barnets eigne ressursar og eigenskapar (Anaby et al., 2018, s. 24).

I følgje Buli-Holmberg og Ekeberg kan elevar med lett psykisk utviklingshemming, som også kan tolkast som barn med låg psykisk funksjonsnedsetting, meistre livet godt ved hjelp av tilrettelagt opplæring og trygge rammer (Buli-Holmberg & Ekeberg, 2016, s. 101). Som nemnt tidlegare var det lærarar som meinte dei fekk ein betre moglegheit til å sjå kvar enkelt elev når dei nytta tilpassa opplæring framfor spesialundervisning (Fylling, 2007, s. 310). Det er altså fleire fordelar med å gje barn med funksjonsnedsettingar tilpassa opplæring i staden for spesialundervisning; lærarar får eit betre innblikk i kva eleven faktisk treng, og kva som er deira eigenskapar, i tillegg til at dette kan gje trygge rammer for barnet til å meistre for eksempel arbeidslivet seinare i livet. Ved å tilpasse opplæringa vil ein altså ha moglegheit for å minske risikoen for marginalisering seinare i livet. Dette gjeld både for den sosiale arenaen til barnet, og for utdanningsnivået.

5.3 Stigma

I dette underkapittelet vil eg drøfte korleis ein kan sjå Goffman sin stigmatoori opp mot barn med funksjonsnedsettingar, og korleis dei blir behandla på skulen.

I følgje Goffman vil ein behandle ein person med eit stigma som eit feil menneske (Goffman, 2018, s. 21). Eit "feil menneske" kan for eksempel vere ein person med funksjonsnedsettingar, ettersom dette går under Goffman sin andre form for stigma; karaktermessige feil (Goffman, 2018, s. 21). Døme på stigmatiserande behandling personar med funksjonsnedsettingar kan oppleve er både diskriminering og eksklusjon. Dette kan me sjå døme på i skulegarden. I følgje Gasser et al. (2014) blir barn med funksjonsnedsettingar oftare ekskluderte frå atletiske aktivitetar enn sosiale aktivitetar (s. 541). Det dei kanskje ikkje tenkjer over her, er at atletiske aktivitetar, som for eksempel å spele fotball, ofte er sosiale aktivitetar. Frå min praksiserfaring har eg sjeldan opplevd at

barn på barneskulen berre står og pratar. I staden for spelar dei forskjellige sportar eller har ulike aktivitetar. Dette vil seie at barn med funksjonsnedsettingar truleg blir for lite inkludert i det sosiale miljøet på barneskulen, ettersom det sosiale føregår i det atletiske. Dette er kanskje ikkje like aktuelt på ungdomsskulen, ettersom det sosiale truleg oftare skjer gjennom å stå å prate saman. Det vil då kanskje vere enklare å bli inkludert ettersom det ikkje trengst spesifikke eigenskapar utanom interesse og sosiale ferdigheiter (Ytterhus, 2012, s. 210).

I artikkelen av Gasser et al. (2014) beskriv dei korleis inkludering av barn med funksjonsnedsettingar i klassemiljøet kan påverke korleis elevane ser på inkludering. Forfattarane konkluderte med at barn som går i klasse saman med barn med funksjonsnedsettingar, er meir opne for å inkludere desse i andre aktivitetar, enn barn som ikkje går i klasse med barn med funksjonsnedsettingar (s. 544). Dette kan bety at barn som går i klasse med barn som mottek spesialundervisning, i staden for tilpassa undervisning, er mindre villige til å inkludere dei i for eksempel friminutt og på fritida. Dette kan igjen føre til marginalisering, ettersom barnet med funksjonsnedsettingar på denne måten blir ekskludert på bakgrunn av deira stigma.

5.4 Relasjonar mellom barna

Barn med funksjonsnedsettingar dannar, som nemnt tidlegare, ofte relasjonar med andre barn med funksjonsnedsettingar (Sigstad, 2017, s. 202). Dette kan skuldast at dei ikkje klarar å halde følgje med utviklinga av reglane som Ytterhus beskriv i sin artikkel. Dersom ein ser dette opp mot Gasser et al. (2014) sin konklusjon om at dess eldre barna blir dess mindre inkluderte blir barn med funksjonsnedsettingar i det sosiale miljøet, kan ein sjå ein samanheng her. Når barna blir eldre blir det danna ulike sub-grupper (Ytterhus, 2012, s. 210), noko som både kan vere positivt og negativt for barn med funksjonsnedsettingar. Den positive sida av det er at barn med funksjonsnedsettingar kan bli inkluderte i aktivitetar i grupper der dei kan bidra på same nivå som dei andre, altså i aktivitetar dei også kan meistre. Døme på slike aktivitetar vil vere forskjellige frå individ til individ, ettersom alle har sine individuelle kvalitetar og eigenskapar. Den negative sida er at barn med funksjonsnedsettingar ofte ikkje passar inn i desse sub-gruppene (Ytterhus, 2012, s. 210).

Dette kan til dømes vere på grunn av at dei ikkje klarar å ta til seg dei reglane som er aktuelle i dei forskjellige gruppene, for eksempel kva ein skal vere interessert i eller korleis ein oppfører seg. På grunn av dette vil venskapane mellom likesinna bli meir aktuelle, og på denne måten sterkare. Barn med funksjonsnedsetting blir dermed inkludert, men ikkje på same måte som dei utan, ettersom det er ei mykje større gruppe med barn utan funksjonsnedsetting som barna med funksjonsnedsetting ikkje får vere ein del av.

5.5 Inkludering seinare i livet

I samfunnet vårt får utdanning ei større og større rolle. Dette er nok litt av grunnen til at ein meiner spesialundervisning er så viktig, slik at alle skal få moglegheit til å få den same utdanninga. Ved å setje fokuset på spesialundervisning, vel ein å ha fokus på inkludering av barn med funksjonsnedsettingar på eit akademisk nivå, men kanskje ikkje like mykje på eit sosialt nivå. Det sosiale er minst like viktig som det akademiske, og i følgje Gasser et al. (2014) er barn meir villige til å inkludere barn i sosiale samanhengar (s. 532). Det er derfor viktig at skulen legg til rette for at dette kan skje, slik at barna kan bli vande med å inkludere barn med funksjonsnedsettingar tidleg i skulegangen. På denne måten kan det bli enklare å inkludere dei også seinare i livet.

I 3.6 skreiv eg om sosial ulikheit og korleis dette kan påverke inkluderinga. Dette er også relevant teori når eg vil drøfte korleis barn med funksjonsnedsettingar blir inkludert seinare i livet. Funksjonsnedsettingar kan vere eit sosialt problem, ettersom personar med funksjonsnedsettingar har større og andre behov enn den øvrige befolkninga (Hjelmtveit, 2017, s. 87). Eit sosialt problem er noko som ikkje berre går utover eit individ, men som kan gå ut over ei heil gruppe (Hjelmtveit, 2017, s. 88). Dersom me set personar med låg funksjonsnedsetting i ei gruppe, kan me seie at inkluderinga av dei i arbeidslivet er eit sosialt problem, ettersom mange fleire med funksjonsnedsettingar enn utan ikkje har jobb (Kittelsaa et al., 2015, s. 50). I tillegg føler fleire personar med funksjonsnedsetting seg diskriminerte i arbeidslivet enn befolkninga elles (Kittelsaa et al., 2015, s. 46). Dette kan tyde på at ekskluderinga som føregår i grunnskulen (Ytterhus, 2012, s. 203), også føregår i arbeidslivet. I følgje Ytterhus blir barn meir og meir ekskluderte dess eldre dei blir fordi dei

ikkje klarar å tilpasse seg reglane, noko me truleg også kan vidareføre til vaksenlivet. Dette er fordi sub-grupper også er aktuelle for vaksne (Hjelmtveit, 2017, s. 97).

Hjelmtveit (2017) legg fram ein teori om stempiling som viser korleis samfunnet kan "presse" ein person inn i ei rolle (s. 97). Dersom ein tenkjer seg at ved å ekskludere barn med funksjonsnedsettingar frå akademiske og atletiske aktivitetar (Gasser et al., 2014, s. 543), vil ein seie at dei har ein større funksjonsnedsetting enn dei kanskje har. Dette kan vere med på å skape ein sjølvoppfyllande profeti. Med dette meiner eg at ved å stemple barn med funksjonsnedsettingar som "ikkje gode nok til å utøve sport" eller "ikkje gode nok akademisk", vil dette føre til at barnet også byrjar å sjå på seg sjølv på denne måten. Barnet blir på denne måten stempla inn i ein bås (Hjelmtveit, 2017, s. 97), noko som kan vere vanskeleg å endre på seinare i livet.

6.0 Avslutning

I denne oppgåva har eg lagt fram teori på kva som kan skje når barn med funksjonsnedsettingar blir ekskluderte i skulen, samt korleis ein kan jobbe for å forhindre dette. Eg vil no ta fram att konkrete forslag som eg har kome med i drøftingsdelen av oppgåva for å svare på problemstillinga "Korleis kan ein få til betre inkludering av barn med funksjonsnedsettingar i grunnskulen?".

For å oppsummere kan det blant anna vere viktig å nytte tilpassa opplæring framfor spesialundervisning i dei tilfella dette er mogleg, fordi dette er betre for den sosiale inkluderinga til barnet. I tillegg vil den tilpassa opplæringa minske risikoene for marginalisering, fordi ein gjennom å skape trygge rammer for barnet, kan hjelpe det til å få eit høgare utdanningsnivå og betre utgangspunkt for arbeidslivet. Tilpassa opplæring vil i tillegg føre til at elevar lettare vil inkludere barn med funksjonsnedsetting, ettersom dei på denne måten vil få eit forhold til barnet gjennom ein klassesamanheng. Eit anna døme på korleis ein betre kan inkludere barn med funksjonsnedsettingar i skulen er å tilpasse friminutta slik at ein veit at barnet blir inkludert av klassekameratar. Dette kan gjerast ved å for eksempel tilrettelegge for at eleven med funksjonsnedsetting kan få spele spel i nokre friminutta saman med andre elevar, eller ved å arrangere ulike aktivitetar som alle elevane i klassen må vere med på i visse friminutt. Det er også viktig å hugse på at ein ikkje skal

"presse" barnet med funksjonsnedsetting inn i båsar som kan utvikle seg til ein sjølvoppfyllande profeti. Med dette meiner eg å la eleven få prøve ut atletiske sportar sjølv om ein kanskje veit at han ikkje meistrar dette fullstendig. På denne måten vil barnet framleis få vere med på leiken, og dermed på det sosiale som føregår i friminutta.

Som sosialarbeidar på skular har ein altså ein moglegheit til å hjelpe elevar med funksjonsnedsettingar til å bli inkluderte av andre. Forskjellige tiltak er gode hjelphemiddel når det kjem til dette, men eg trur noko av det viktigaste kan vere å styrke barnets sjølvkjensle ved å vere der for det.

Ein avgrensing for oppgåva mi har vore at teorien eg har funne omhandlar ikkje berre barn med låg grad av psykisk funksjonsnedsetting, men fleire ulike typar funksjonsnedsettingar. På grunn av dette vil resultata ikkje vere like gyldige som dei kunne ha vore dersom eg hadde utført forsking sjølv. Likevel har eg prøvd å berre nytte den informasjonen frå artiklane som omhandlar psykisk funksjonsnedsetting, slik at resultata skal bli så relevante som mogleg.

7.0 Litteraturliste

Anaby, D. R., Campbell, W. N., Missiuna, C., Shaw, S. R., Bennett, S., Khan, S., Tremblay, S., Kalubi-Lukusa, J. C. & Camden, C. (2019). Recommended practices to organize and deliver school-based services for children with disabilities: A scoping review. *Child: Care, Health and Development*, 45 (1) s. 15-27.

<http://web.b.ebscohost.com.galanga.hvl.no/ehost/pdfviewer/pdfviewer?vid=7&sid=851e3de4-d880-494f-b605-4a2ade6b7ed3%40pdc-v-sessmgr03>

Aveyard, H. (2019). *Doing a literature review in health and social care: a practical guide* (4. utg.). Open University Press.

Berg, B, Ellingsen, I. T., Levin, I. & Kleppe, L. C. (2016). Hva er sosialt arbeid? I T. Ellingsen, I. Levin, B. Berg & L. C. Kleppe (Red.), *Sosialt arbeid: En grunnbok* (s. 19-35). Universitetsforlaget.

Bufdir (2020, 19. November). *Hva er nedsatt funksjonsevne?*

https://bufdir.no/nedsatt_funksjonsevne/hva_er_nedsatt_funksjonsevne/hva_er_nedsatt_funksjonsevne/

Bufdir (2020, 18. Juni). *Høyere utdanning.*

https://bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Nedsatt_funksjonsevne/Oppvekst_og_utdanning/Hoyere_utdanning/

Fisher, M. & Meyer, L. H. (2002). Development and social competence after two years for students enrolled in inclusive and self-contained educational programs. *Research and Practice for Persons with Severe Disabilities*, 27(3), 263-272.

https://www.researchgate.net/publication/250169854_Development_and_Social_Competence_After_Two_Years_for_Students_Enrolled_in_Inclusive_and_Self-Contained_Educational_Programs

Frønes, I. & Strømme, H. (2018). *Risiko og marginalisering: Norske barns levekår i kunnskapssamfunnet*. (2. utg.). Gyldendal.

Fylling, I. (2007). Tilpasning for alle? - Modell og praksis i forholdet mellom tilpasset opplæring og spesialundervisning. *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, 91(4) s. 303–315.

https://www-idunn-no.galanga.hvl.no/npt/2007/04/tilpasning_for_alle_-modell_og_praksis_i_forholdet_mellom_tilpasset_oppler

Fylling, I. & Rønning, W. (2007, 26. April). *Modellprosjektet Tilpasse opplæring og spesialundervisning – Følgeforskning 2007* (Modellutvikling eller idèdugnad? 0805-4460).

<https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/rapporter/Modellprosjektet-Tilpasset-opplaring-og-spesialundervisning---Følgeforskning-2007/>

Gasser, L., Malti, T. & Buholzer, A. (2014). Swiss childrens moral and psychological judgements about inclusion and exclusion of children with disabilities. *Child Development*, 85 (2) s. 532-548. <https://srcd-onlinelibrary-wiley-com.galanga.hvl.no/doi/full/10.1111/cdev.12124>

Goffman, E. (2018). *Stigma – Om afvigerens sociale identitet* (2. utg.). Samfunds Litteratur.

Hjelmtveit, V. (2017). *Sosialpolitikk og teorier om sosiale problemer*. I M. A. Stamsø (Red.), *Velferdsstaten i endring: Om norsk helse- og sosialpolitikk* (3. utg., s. 86-109). Gyldendal Norsk Forlag AS.

Idunn. (u.å.). *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*. <https://www.idunn.no/npt#/about>

Kittelsaa, A., Wik, S. E. & Tøssebro, J. (2015). *Levekår for personer med nedsatt funksjonsevne: Fellesstrekk og variasjon* (978-82-7570-400-7, Rapport 2015 Mangfold og inkludering).

<https://samforsk.no/Publikasjoner/Levek%C3%A5r%20for%20personer%20med%20nedsatt%20funksjonsevne%20-%20Fellestrekk%20og%20variasjon%20WEB.pdf>

Lunde, E.S. (2012, 12. Juni). *Skolemiljø – arena for læring og samvær*. Statistisk sentralbyrå.
<https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/skolemiljo-arena-for-laering-og-samvaer>

Meld. St. 16 (2006-2007). ... og ingen sto igjen: *Tidleg innsats for livslang læring*. Kunnskapsdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/contentassets/a48dfbadb0bb492a8fb91de475b44c41/no/pdfs/stm200620070016000dddpdfs.pdf>

Meld. St. 30. (2003-2004). *Kultur for læring*. Kunnskapsdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-030-2003-2004-/id404433/?ch=1>

Proba samfunnsanalyse. (2018). *Barrierer i høyere utdanning for personer med nedsatt funksjonsevne: Utarbeidet for Barne-, ungdoms- og familieliderekatet* (Proba-rapport nr. 2018-02, Prosjekt nr. 17040).
https://bibliotek.bufdir.no/BUF/101/Barrierer_i_hoyere_utdanning_for_personer_med_nedsatt_funksjonsevne.pdf

Sigstad, H. M. H. (2017). Vennskap på like fot – inkludering av elever med utviklingshemming. I S. Nilsen (Red.), *Inkludering og mangfold – sett i spesialpedagogisk perspektiv* (s. 199-219). Universitetsforlaget.

Society for Research in Child Development. (u.å.). *Child Development: Overview*.
<https://srcd.onlinelibrary.wiley.com/hub/journal/14678624/productinformation.html>

Statistisk sentralbyrå. (2020, 16. November). *Personer med nedsatt funksjonsevne, arbeidskraftundersøkelsen*. <https://www.ssb.no/akutu/>

Statistisk sentralbyrå. (2020, 17. Desember). *Elevar i grunnskolen*.
<https://www.ssb.no/utgrs>

Tøssebro, J. (2019). *Hva er funksjonshemming*. Universitetsforlaget.

Utdanningsforbundet. (2021, 25. februar). *Flere yrkesgrupper inn i skolen*.

<https://www.utdanningsforbundet.no/var-politikk/utdanningsforbundet-mener/artikler/flere-yrkesgrupper-inn-i-skolen/>

Wiley Online Library. (u.å.). *Child: Care, Health and Development: Overview*.

<https://onlinelibrary.wiley.com/page/journal/13652214/homepage/productinformation.html>

Wiley Online Library. (u.å.). *Children and Society: Overview*.

<https://onlinelibrary.wiley.com/page/journal/10990860/homepage/productinformation.html>

Ytterhus, B. (2012). Everyday segregation amongst disabled children and their peers: A qualitative longitudinal study in Norway. *Children and Society*, 26 (3) s. 203-213.

<http://web.b.ebscohost.com.galanga.hvl.no/ehost/pdfviewer/pdfviewer?vid=11&sid=851e3de4-d880-494f-b605-4a2ade6b7ed3%40pdc-v-sessmgr03>

Vedlegg 1 - Søkelogg

Problemstilling: "Korleis kan ein få til betre inkludering av barn med funksjonsnedsettingar i grunnskulen?"

	Søkeord 1	Søkeord 2	Søkeord 3	Søkeord 4
Norsk	Inkludering	Barn	Skole OR Barneskole	Funksjonsnedsettelse OR Funksjonshemming OR "psykisk funksjonsnedsettelse"
Engelsk	Inclusion	Children	School	Disability OR "mental disability"

Database / søkemotor / nettsted	Søk nr.	Søkeord/ søkekombinasjoner	Antall treff (pr.)	Kommentarar til søker / treffliste (fyll ut etter behov)
Oria	1	Inkludering AND barn AND skole	290	For mange treff, mange vil ikkje vere relevante for mi oppgåve.
	2	Inkludering AND barn AND skole / Skole AND psykisk	85	Fortsatt for mange treff.
	3	Inkludering AND barn AND skole / Skole AND "psykisk funksjonsnedsettelse"	0	
	4	Inkludering AND barn AND skole / Skole AND "psykisk funksjonshemming"	2	For lite treff, tenkjer at desse 2 også vil komme opp dersom eg endrar søkerorda og søkerkombinasjonen litt.
	5	Barn AND funksjonshemmning / Skole OR barneskole / Inkludering OR inkludert	17	(Har her huka av for "Fagfellevurderte tidsskrift"). Bra med treff, og trur nokre av desse vil vere relevante for min problemstilling.
Scopus	1	Inclusion AND children AND school	103,711	I denne databasen har eg valt "All fields" når eg skal søke

			etter artiklar. Dette gjeld for alle søker.
			For mange treff, må justere søkerorda.
2	Inclusion AND children AND school AND disability	31,643	For mange treff, må justere søkerorda.
3	Inclusion AND children AND school AND "mental disability"	503	For mange treff, må justere søkerkombinasjonen.
4	Inclusion AND "children with mental disability" AND school	47	Bra med treff, og eg trur nokre av desse vil vere relevante.
5	Inclusion AND "children with mental disability" AND school	26	Same søkerord som førige gong, men har no tilpassa treffa til å berre vise dei som er skrivne på engelsk og dei som omhandlar "social sciences".
SocIndex	1 Inclusion AND school / Disability OR "mental disability" OR disabil*	987	For mange treff, må justere søkerorda.
	2 Inclusion AND children AND school / Disability OR "mental disability" OR disabil*	470	For mange treff, må justere søkerkombinasjonen.
	3 Inclusion AND children AND school / Disability OR "mental disability" OR disabil*	57	Same søkerkombinasjon som førige gong, men har no tilpassa treffa til å berre vise "Linked Full Text" og frå 2011 og nyare.

Namnet på artikkelen/ boka/ Referansen i APA-stil	Kvar/ korleis eg fann den	Mine kommentarar – kvifor eg valde denne?
Ingrid Fylling. (2007). Tilpasning for alle? - Modell og praksis i forholdet mellom tilpasset opplæring og spesialundervisning.	Funnet gjennom eit systematisk søk i søkerdatabasen Oria. Ein av dei 17 artiklane som blei funne gjennom søk 5 i søkerloggen. Etter å ha lest gjennom desse 17 artiklane, sto eg til slutt igjen	Spesialundervisning er noko som er relevant for min problemstilling ettersom fleire barn med funksjonsnedsettingar ofte har behov for dette. Fylling drøftar i denne artikkelen eit prosjekt som føregjekk på ulike skular der dei skulle minske spesialundervisninga, og heller tilpasser den ordinære opplæringa til kvar enkelt elev. Dette er noko eg tenkjer

<i>Norsk Pedagogisk Tidsskrift, 91(4) s. 303-315.</i>	med denne som mest relevant for min problemstilling.	kan vere relevant for oppgåva mi.
Gasser, L., Malti, T. & Buholzer, A. (2014). Swiss childrens moral and psychological judgements about inclusion and exclusion of children with disabilities. <i>Child Development, 85</i> (2) s. 532-548.	Funnet gjennom eit systematisk søk i søkedatabasen Scopus. Dette var ein av dei 26 artiklane som kom opp etter søk nummer fem. Etter å ha lest gjennom alle artiklane, sto eg til slutt igjen med denne.	Studien viser kva barn i Sveits tenkjer om inkludering og ekskludering av barn med funksjonsnedsettingar. Den tek føre seg både mentale og fysiske funksjonsnedsettingar, og spør barn i både barnehage og grunnskule opp til 6. klasse. Denne artikkelen er relevant for oppgåva mi fordi eg trur det vil vere bra å få eit innblikk i korleis barn sjølv tenkjer om inkludering av barn med funksjonsnedsettingar.
Anaby, D. R., Campbell, W. N., Missiuna, C., Shaw, S. R., Bennett, S., Khan, S., Tremblay, S., Kalubi-Lukusa, J. C. & Camden, C. (2019). Recommended practices to organize and deliver school-based services for children with disabilities: A scoping review. <i>Child: Care, Health and Development, 45</i> (1) s. 15-27.	Funnet gjennom eit systematisk søk i søkedatabasen SocIndex. Dette var ein av dei 57 artiklane som kom opp etter søk nummer tre, og ein av dei to eg sto att med til slutt.	Artikkelen handlar om inkludering av barn med funksjonsnedsettingar i skulen, noko som er svært relevant for min problemstilling. Ein negativ eigenskap med denne artikkelen er at den nyttar litteraturstudie, og ikkje eigen forsking, fordi forfattarane no har tolka andre sin forsking. Likevel verkar forfattarane logiske og resultatet verkar fornuftig.

<p>Ytterhus, B. (2012). Everyday segregation amongst disabled children and their peers: A qualitative longitudinal study in Norway. <i>Children and Society</i>, 26 (3) s. 203-213.</p>	<p>Funnet gjennom eit systematisk søk i søkerdatabasen SocIndex. Dette var den andre av dei to eg sto att med etter gjennomlesing av dei 57 artiklane frå søk nummer tre.</p>	<p>Artikkelen legg fram ein longitudinell studie der Ytterhus har intervjua og observert fleire barn over ein lang periode. Ho har lagt fram ulike reglar som er aktuelle i dei forskjellige alderstrinna til barna, og resultatet viser at barn med funksjonsnedsettingar kjem lengre og lengre vekk frå det sosiale miljøet når desse reglane endra seg. Denne er relevant for min problemstilling fordi den viser kva som er viktig for at barn skal bli inkluderte.</p>
---	---	---

Litteraturliste:

- Anaby, D. R., Campbell, W. N., Missiuna, C., Shaw, S. R., Bennett, S., Khan, S., Tremblay, S., Kalubi-Lukusa, J. C. & Camden, C. (2019). Recommended practices to organize and deliver school-based services for children with disabilities: A scoping review. *Child: Care, Health and Development*, 45 (1) s. 15-27.
- Gasser, L., Malti, T. & Buholzer, A. (2014). Swiss childrens moral and psychological judgements about inclusion and exclusion of children with disabilities. *Child Development*, 85 (2) s. 532-548.
- Ingrid Fylling. (2007). Tilpasning for alle? - Modell og praksis i forholdet mellom tilpasset opplæring og spesialundervisning. *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, 91(4) s. 303-315.
- Ytterhus, B. (2012). Everyday segregation amongst disabled children and their peers: A qualitative longitudinal study in Norway. *Children and Society*, 26 (3) s. 203-213.

Vedlegg 2 - Eksklusjonsprosess

Eg fekk 17 resultat frå Oria, 26 frå Scopus og 57 frå SocIndex.

- 100 artiklar identifisert ut frå søk i tre databasar.
 - 3 duplikatar ekskludert.
 - 97 artiklar sett mot inklusjonskriteria.
 - 85 abstract avvist fordi dei ikkje møtte inklusjonskriteriane.
 - 12 relevante artiklar sett mot inklusjonskriteriane.
 - 6 artiklar relevante etter eg har lest gjennom.

For å finne ut kva artiklar som kan vere relevante har eg lest gjennom alle abstracta til dei 97 artiklane, og sett på om desse då inneheld informasjon/forsking som inkluderer skule, funksjonsnedsetting og barn.

Scopus: 6 artiklar er relevante. 20 artiklar ekskludert.

Oria: 2 artiklar er relevante. 15 artiklar ekskludert.

SOCIndex: 4 artiklar er relevante. 53 artiklar ekskludert.

12 artiklar som er sett opp mot inklusjonskriteriane

Artiklar som er uteha med feit skrift er dei som er aktuelle å ta med i oppgåva. Under kvar artikkkel som ikkje har blitt rekna som aktuelle, har eg kort begrunna kvifor.

Scopus:

- Ali, A. D. (2020). A framework for an inclusive education professional development program. *Mextecol Journal*, 44 (3).
 - Artikkelen er ikkje tilgjengeleg.
- Gasser, L., Malti, T. & Buholzer, A. (2014). Swiss childrens moral and psychological judgements about inclusion and exclusion of children with disabilities. *Child Development*, 85 (2) s. 532-548. <https://srcd-onlinelibrary-wiley-com.galanga.hvl.no/doi/full/10.1111/cdev.12124>

- Repnik, R., Arcet, R. & Karasel, N. (2019). Education of teachers in the field of teaching natural sciences is lagging behind the requirements of the inclusion of pupils with special needs. *International Journal of Disability, Development and Education*, 66 (6) s. 565-576. <https://www-tandfonline-com.galanga.hvl.no/doi/full/10.1080/1034912X.2019.1642456>
 - Handlar om studentar, ikkje grunnskuleelevar.
- Saddiq, L. O. B. (2020). The role of student activities in the development of life skills among disabled students at King Abdulaziz University. *Journal of Educational and Social Research*, 10 (1) s. 73-97.
<https://www.richtmann.org/journal/index.php/jesr/article/view/10648>
 - Handlar om eldre studentar enn grunnskuleelevar.
- Schmidt, M. & Brown, I. (2015). Education of children with intellectual disabilities in Slovenia. *Journal of Policy and Practice in Intellectual Disabilities*, 12 (2) s. 90-99.
<https://onlinelibrary-wiley-com.galanga.hvl.no/doi/full/10.1111/jppi.12119>
 - Spesifikt retta mot Slovenia, så er derfor vanskeleg å kunne bruke det i mi oppgåve.
- Smid, M. (2016). Recognition in programmes for children with special needs. *Center for Educational Policy Studies Journal*, 6 (3) s. 117-140.
 - Artikkelen er ikkje tilgjengeleg.

Oria:

- Anders Midtsundstad. (2005). Stian vil kjøre trail og Knut vil være med på bowling – En metode for inkludering av barn og ungdom. *Tidsskrift for Psykisk Helsearbeid*, 2(1) s. 54–63. https://www-idunn-no.galanga.hvl.no/tph/2005/01/stian_vil_kjore_trail_og_knut_vil_vere_med_pa_bowling_-_en_metode_for_inklu
 - Handlar meir om fritid enn skule.
- **Fylling, I. (2007). Tilpasning for alle? - Modell og praksis i forholdet mellom tilpasset opplæring og spesialundervisning. *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, 91(4) s. 303–315.**
https://www-idunn-no.galanga.hvl.no/npt/2007/04/tilpasning_for_alle_-modell_og_praksis_i_forholdet_mellan_tilpasset_oppler

SocIndex:

- **Anaby, D. R., Campbell, W. N., Missiuna, C., Shaw, S. R., Bennett, S., Khan, S., Tremblay, S., Kalubi-Lukusa, J. C. & Camden, C. (2019). Recommended practices to organize and deliver school-based services for children with disabilities: A scoping review. *Child: Care, Health and Development, 45* (1) s. 15-27.**
<http://web.b.ebscohost.com.galanga.hvl.no/ehost/pdfviewer/pdfviewer?vid=7&sid=851e3de4-d880-494f-b605-4a2ade6b7ed3%40pdc-v-sessmgr03>
- Gifford, A., Redpath, C. C. & Lionello-DeNolf, K. M. (2018). Case Study: Extension of a systematic data-based reinforcement system to increase independence in public-school inclusion settings to a student with down syndrom. *Education and treatment of children, 41* (3) s. 345-356.
<http://web.b.ebscohost.com.galanga.hvl.no/ehost/pdfviewer/pdfviewer?vid=8&sid=851e3de4-d880-494f-b605-4a2ade6b7ed3%40pdc-v-sessmgr03>
 - Handlar om personar med down syndrom (litt for spesifikt).
- Raghavendra, P. (2013). Participation of children with disabilities: Measuring subjective and objective outcomes. *Child: Care, Health and Development, 39* (4) s. 461-465.
<http://web.b.ebscohost.com.galanga.hvl.no/ehost/pdfviewer/pdfviewer?vid=9&sid=851e3de4-d880-494f-b605-4a2ade6b7ed3%40pdc-v-sessmgr03>
 - For lite spesifikt, skriv meir om ulik type forsking, ikkje ein bestemt.
- **Ytterhus, B. (2012). Everyday segregation amongst disabled children and their peers: A qualitative longitudinal study in Norway. *Children and Society, 26* (3) s. 203-213.**
<http://web.b.ebscohost.com.galanga.hvl.no/ehost/pdfviewer/pdfviewer?vid=11&sid=851e3de4-d880-494f-b605-4a2ade6b7ed3%40pdc-v-sessmgr03>

Vedlegg 3 - Kritisk vurdering

For å kritisk vurdere artiklane har eg valt å bruke Aveyard sine seks spørsmål for kritisk tenking (Aveyard, 2019, s. 108).

Tilpasning for alle? – Modell og praksis i forholdet mellom tilpasset opplæring og spesialundervisning

- **Kvar fann du informasjonen?**

- **Kom du berre over den, eller fann du den gjennom eit systematisk søk?**

Eg fann denne artikkelen gjennom eit systematisk søk i søkedatabasen Oria. Sjå "Vedlegg 1 - Søkelogg" for oversikt over søkeord eg brukte. Deretter las eg gjennom abstracta på alle artiklane, og endte til slutt opp med denne som einaste relevante artikkel frå denne søkedatabasen.

- **Kva er det, og kva er nøkkel bodskapet eller resultatet?**

- **Er det ein forskingsartikkel, ekspertmeining, diskusjon, nettside, eller noko anna?**

Artikkelen er ein teoretisk drøfting av Modellprosjektet (eit prosjekt som hadde som mål å redusere spesialundervisning ved å tilpasse den ordinære undervisninga).

- **Kva er nøkkel resultatet?**

Nøkkelresultatet i artikkelen er at tiltak som tek til siktet for å endre den ordinære opplæringa slik at den blir betre tilpassa den enkelte elev, ikkje nødvendigvis har påverking på rekrutteringa til spesialundervisning.

- **Korleis veit du det er av bra kvalitet?**

- **Er diskusjonen deira logisk og fornuftig?**

Fylling sin drøfting av temaet verkar logisk og fornuftig, samt truverdig på grunn av hennar erfaringa gjennom tidlegare arbeid om same tema (Fylling & Rønning, 2007).

- **Dersom det er forsking, eller gjennomgang av forsking, korleis blei det gjennomført, var det bra, og reflektera konklusjonen funna?**

Fylling har ikkje brukt forsking i sin artikkel, men teori om Modellprosjektet. Likevel reflektera ho godt rundt den teorien ho brukar.

- Kven har skreve/sagt dette?

- Er forfattaren ein organisasjon eller ein person? Er dei ein ekspert på emne? Kan dei vere partisk? Korleis veit du det?**

Artikkelen er skiven av Ingrid Fylling og utgitt i Norsk Pedagogisk Tidsskrift i 2007. Fylling er førsteamanuensis for fakultet for samfunnsvitskap på Nord Universitet (Nord Universitet, u.å.), og har gitt ut fleire vitskaplege publikasjonar. Fylling har derfor stor truverdigheit.

- Når blei dette skreve/sagt?

- Eldre informasjon kan framleis vere gyldig, men du må sjekka om det finst nyare forsking**

Artikkelen blei publisert i 2007. Sjølv om denne no er 14 år gammal, var det den nyaste forskinga som omhandlar dette temaet eg fann.

- Kvifor har dette blitt skreve/sagt?

- Kven er informasjonen retta mot? (profesjonelle eller pasientar/brukarar?)**

Informasjonen er retta mot profesjonelle, ettersom konklusjonen hennar kan bli tatt til etterretning av dei, men det blir vanskeleg å gjere det same for brukarar/elevar.

- Kva er målet med informasjonen?

Målet med informasjonen er å rette fokus på at sjølv om Modellprosjektet skulle bidra til å minske tal spesialundervisning som blir gitt i skulen, er dette talet fortsatt nokså stabilt.

Fylling argumenterer for at det må bli satt inn fleire tiltak for at tilpassa opplæring skal kunne "ta over" for spesialundervisninga.

Swiss Children's Moral and Psychological Judgements About Inclusion and Exclusion of Children with Disabilities

- Kvar fann du informasjonen?

- Kom du berre over den, eller fann du den gjennom eit systematisk søk?

Eg fann denne artikkelen gjennom eit systematisk søk i søkedatabasen Scopus. Først sokte eg og la inn kriteria for artiklane eg ville ha treff på (nyare enn 2011 og "Social Sciences"). Sjå "Vedlegg 1 - Søkelogg" for oversikt over mine søk. Deretter luka eg vekk alle som ikkje var relevante for min problemstilling, og sto igjen med denne artikkelen.

- Kva er det, og kva er nøkkel bodskapet eller resultatet?**- Er det ein forskingsartikkel, ekspertmeining, diskusjon, nettside, eller noko anna?**

Artikkelen er ein forskingsartikkel som nyttar kvalitativ studie. Dei intervjuja 422 sveitsiske barn i ulike klasserom, der nokre av klasserom var inkluderande, som vil seie at det var barn med spesielle behov i klasserommet. Det var ulik alder på barna, alt frå barnehage til 6. klasse. Nokre klassar hadde barn med psykisk funksjonshemmning, andre med fysisk funksjonshemmning, og nokre hadde ikkje nokon barn med spesielle behov.

- Kva er nøkkel resultatet?

Resultatet til studien er at barn utan spesielle behov er meir villig til å inkludere barn med spesielle behov i sosiale samanhengar enn i akademiske og atletiske aktivitetar. I tillegg er barna som går i klasse med barn med spesielle behov meir villige til å inkludere desse enn barn som ikkje går i "inkluderande-klassar". Eit anna resultat forfattarane konkluderte med er at sosial inkludering ikkje berre er avhengig av konteksten, men også barnas individuelle karakter.

- Korleis veit du det er av bra kvalitet?**- Er diskusjonen deira logisk og fornuftig?****- Dersom det er forsking, eller gjennomgang av forsking, korleis blei det gjennomført, var det bra, og reflektera konklusjonen funna?**

Forfattarane har intervjuja 422 barn, så resultata er nokså truverdige ettersom det er ein del barn med ulik erfaring og tenkjemåte med i studien. Diskusjonen deira verkar truverdig ut i frå den forskinga dei legg fram.

- Kven har skreve/sagt dette?

- **Er forfattaren ein organisasjon eller ein person? Er dei ein ekspert på emne? Kan dei vere partisk? Korleis veit du det?**

Forfattarane av artikkelen er Luciano Gasser, Tina Malti og Alois Buholzer. Gasser er ein professor på University of Teacher Education Lucerne i Sveits (Loop, u.å). Han interesserar seg for inkludering i klasseromma, og jobbar framleis med det same temaet som artikkelen handlar om (barns syns på inkludering i klasseromma og på skulen). Malti er ein professor i psykologi, som forskar på kvifor barn handlar som dei gjer, og kva kjensler som kjem til uttrykk i barn sine handlingar (University of Toronto, u.å). Eg fann ingen informasjon om Buholzer, men ut i frå kvalifikasjonane til dei andre forfattarane, verkar artikkelen uansett å vere truverdig og frå pålitelege kjelder.

- **Når blei dette skreve/sagt?**

- **Eldre informasjon kan framleis vere gyldig, men du må sjekka om det finst nyare forsking**

Artikkelen blei utgitt i Child Development i 2014. Informasjonen er litt eldre, men studien er framleis relevant, ettersom resultata framleis truleg vil vere dei same.

- **Kvifor har dette blitt skreve/sagt?**

- **Kven er informasjonen retta mot? (profesjonelle eller pasientar/brukarar?)**

Informasjonen i studien er retta mot profesjonelle innan skulesystemet og andre som arbeider med barn.

- **Kva er målet med informasjonen?**

Målet med informasjonen er å forstå kva barn tenkjer og føler om sosial eksklusjon av barn med funksjonsnedsettingar.

Recommended Practices to Organize and Deliver School-Based Services for Children with Disabilities: A Scoping Review

- **Kvar fann du informasjonen?**

- **Kom du berre over den, eller fann du den gjennom eit systematisk søk?**

Eg fann denne artikkelen gjennom eit systematisk søk i søkedatabasen SocIndex. Først søkte eg og la inn kriteria for artiklane eg ville ha treff på (nyare enn 2011 og "Linked Full Text"). Sjå "Vedlegg 1 - Søkelogg" for oversikt over mine søk. Deretter luka eg vekk alle som ikkje var relevante for min problemstilling, og sto igjen med to artiklar, der denne var ein av dei.

- Kva er det, og kva er nøkkel bodskapet eller resultatet?

- Er det ein forskingsartikkel, ekspertmeining, diskusjon, nettside, eller noko anna?**

Artikkelen er ein forskingsartikkel som brukar litteraturstudie som metode. Forfattarane har gått gjennom fleire databasar og funne ulike artiklar som var relevante for deira studie.

Artiklane dei valte tok i hovudsak føre seg elevar med åtferdsproblem og læringsproblem, og hadde fokus på å forbetre deira sosiale, emosjonelle og akademiske prestasjonar.

- Kva er nøkkel resultatet?

Forfattarane legg fram ulike tiltak som kan bli tatt i bruk for å forbetre omsorga, deltakinga og inkluderinga av barn med funksjonsnedsetting i skulen som resultatet for studien.

- Korleis veit du det er av bra kvalitet?

- Er diskusjonen deira logisk og fornuftig?**

Diskusjonen til forfattarane verkar logisk og fornuftig, og forfattarane viser til at det er fleire ting i studien som ikkje har blitt evaluert individuelt, og dei kan derfor ikkje utelukke at nokre av prinsippa som dei tek føre seg er viktigare eller nyttigare enn andre. I tillegg seier dei noko om begrensingar dei har hatt, som evalueringa av kvaliteten på studiane dei brukte. Dette gjer at innhaldet kanskje ikkje er like truverdig som det kunne/burde ha vore, men artikkelen har likevel gode argument.

- Dersom det er forsking, eller gjennomgang av forsking, korleis blei det gjennomført, var det bra, og reflektera konklusjonen funna?**

Søkemetoden deira verkar veldig grundig og bra gjennomført, noko som gjer at resultata blir truverdige. Det verkar som at dei har brukt god tid på å finne den mest relevante forskinga for deira problemstilling, og har grundig dokumentert dette.

- Kven har skreve/sagt dette?

- Er forfattaren ein organisasjon eller ein person? Er dei ein ekspert på emne? Kan dei vere partisk? Korleis veit du det?

Forfattarane av artikkelen er Dana R. Anaby, Wenonah N. Campbell, Cheryl Missiuna, Steven R. Shaw, Sheila Bennett, Sitara Khan, Stephanie Tremblay, Jean-Claude Kalubi-Lukusa og Chantal Camden.

- Dana R. Anaby: Førsteamanuensis ved McGill universitetet (McGill, u.å.).
- Wenonah N. Campbell: Professor ved McMaster University (ResearchGate, u.å.).
- Cheryl Missiuna: Emeritus professor som tidlegare har forska på evalueringa av ein modell for rehabiliteringstenester for barn med funksjonsnedsettingar i skulen (CanChild, u.å.).
- Steven R. Shaw: Førsteamanuensis ved McGill universitetet (McGill, u.å.).
- Sheila Bennett: Professor og dekan for fakultetet for utdanning ved Brock University (Inclusive Education Research, u.å.).
- Sitara Khan: Finn ikkje informasjon om ho.
- Stephanie Tremblay: Finn ikkje informasjon om ho.
- Jean-Claude Kalubi-Lukusa: Professor ved Sherbrooke University, med interesse for klasseromsleiing og intellektuelle og fysiske funksjonsnedsettingar (Centre de Recherche interdisciplinaire en readaptation du Montreal metropolitain, u.å.).
- Chantal Camden: Assisterande professor ved Sherbrooke University (CanChild, u.å.).

Ut i frå forfattarane sine yrker og arbeidsplassar verkar dette som truverdige kjelder med god kunnskap om sitt fagfelt.

- Når blei dette skreve/sagt?

- Eldre informasjon kan framleis vere gyldig, men du må sjekka om det finst nyare forsking

Artikkelen blei utgitt i 2018, så den er relativt ny. Informasjonen frå artikkelen vil derfor framleis vere relevant og gyldig.

- Kvifor har dette blitt skreve/sagt?

- Kven er informasjonen retta mot? (profesjonelle eller pasientar/brukarar?)**

Informasjonen er retta mot profesjonelle som arbeider med barn på til dømes skular.

- Kva er målet med informasjonen?

Målet med informasjonen er å forbetre barns inkludering og deltaking i skulen. Artikkelen kjem med 10 forslag til korleis dette kan skje.

Everyday Segregation Amongst Disabled Children and Their Peers: A Qualitative

Longitudinal Study in Norway

- Kvar fann du informasjonen?

- Kom du berre over den, eller fann du den gjennom eit systematisk søk?**

Eg fann denne artikkelen gjennom eit systematisk søk i søkerdatabasen SocIndex. Først sokte eg og la inn kriteria for artiklane eg ville ha treff på (nyare enn 2011 og "Linked Full Text"). Sjå "Vedlegg 1 - Søkelogg" for oversikt over mine søk. Deretter luka eg vekk alle som ikkje var relevante for min problemstilling, og sto igjen med to artiklar, deriblant denne.

- Kva er det, og kva er nøkkel bodskapet eller resultatet?

- Er det ein forskingsartikkel, ekspertmeining, diskusjon, nettside, eller noko anna?**

Artikkelen er ein forskingsartikkel med ein longitudinell studie som strakk seg gjennom 12 år (1996-2008).

- Kva er nøkkel resultatet?

Ytterhus fann ulike reglar som gjaldt for ulike aldersgrupper, og korleis det påverka det enkelte individ dersom han/ho ikkje klarte å tilpasse seg desse reglane. Ho fann at fleire av dei elevane som hadde funksjonsnedsetting ikkje klarte seg like godt som dei andre barna når dei blei eldre (Når dei fylte 10 år blei det eit tydleg skilje).

- Korleis veit du det er av bra kvalitet?

- Er diskusjonen deira logisk og fornuftig?**

Diskusjonen til Ytterhus verkar logisk ettersom ho kjem med ulike døme frå sine observasjonar, og ein kan på den måten skape sitt eige syn på artikkelen sin relevans. Samtidig kjem ho med døme på at objekt og veremåtar som klede, mobiltelefonar, språk og oppførsel som blei viktigare og viktigare dess eldre barna blei, noko ein kan kjenne seg igjen i frå eigne erfaringar og observasjonar av andre på same alder.

- Dersom det er forsking, eller gjennomgang av forsking, korleis blei det gjennomført, var det bra, og reflektera konklusjonen funna?

Forskinga blei gjennomført frå 1996-2008. Ytterhus intervjua 120 barn frå dei var 3 år til dei var 16 år, for å finne ut kva "reglar" som gjaldt for dei ulike aldersgruppene til barna, etterkvart som dei vaks opp. Ytterhus sin hovudmetode var deltagande observasjon, der ho kunne observere korleis samspelet mellom barna var i dei ulike alderane, og korleis det utvikla seg. For å få eit innblikk i korleis dette faktisk var, observerte ho på ulike skular og barnehagar, både i byar og på bygdar.

- Kven har skreve/sagt dette?

- Er forfattaren ein organisasjon eller ein person? Er dei ein ekspert på emne? Kan dei vere partisk? Korleis veit du det?

Artikkelen er skriven av Borgunn Ytterhus som er ein professor ved NTNU (Cappelen Damm, u.å.). Ho spesialiserer seg på blant anna inklusjon og eksklusjon mellom barn med og utan funksjonsnedsettingar, noko som gjer at ho er ei god kjelde til informasjon på dette temaet, og som gjer at forskinga hennar er til å stole på.

- Når blei dette skreve/sagt?

- Eldre informasjon kan framleis vere gyldig, men du må sjekka om det finst nyare forsking

Artikkelen blei skriven i 2012, så den er innafor mitt inklusjonskriterie (nyare enn 2011). Sjølvje forskinga i artikkelen blei utført mellom 1996-2008, men på grunn av at veremåten til barn truleg ikkje har endra seg betydeleg mykje frå då til no, vil informasjonen framleis vere gyldig.

- Kvifor har dette blitt skreve/sagt?

- Kven er informasjonen retta mot? (profesjonelle eller pasientar/brukarar?)

Informasjonen i artikkelen er retta hovudsakleg mot personar som arbeider og samhandlar med barn med funksjonsnedsetting. Gjennom studien har Ytterhus komme med døme på observasjonar av korleis barn med funksjonsnedsetting blir meir og meir ekskludert av dei andre barna, og korleis dei sosiale "reglane" til barna er med på å ekskludere.

- Kva er målet med informasjonen?

Målet med informasjonen er å skape eit fokus på korleis barn med funksjonsnedsetting blir meir og meir ekskludert dess eldre dei blir. Når barna blir eldre er det andre ting som er interessante og viktige for dei, og ofte har barn med funksjonsnedsetting problem med å henge med i denne endringa av interesser.

Kjelde:

Aveyard, H. (2019). *Doing a litterature review in health and scocial care: a practical guide* (4.utg.). Open University Press.

CanChild. (u.å.). *Dr. Chantal Camden*. https://www.canchild.ca/en/team_members/34-dr-chantal-camden

CanChild. (u.å.). *Dr. Cheryl Missiuna*. https://www.canchild.ca/en/team_members/18-dr-cheryl-missiuna

Cappelen Damm. (u.å.). *Borgunn Ytterhus*.

<https://www.cappelendamm.no/forfattere/Borgunn%20Ytterhus-scid:20449>

Centre de Recherche interdisciplinaire en readaptation du Montreal metropolitain. (u.å.).
Jean-Claude Kalubi, Ph.D. <https://crir.ca/en/member/jean-claude-kalubi-ph-d/>

Inclusive Education Research. (u.å.). *Dr. Sheila Bennett*.

https://www.inclusiveeducationresearch.ca/faculty/central_east/bennett_sheila.html

Loop. (u.å.). *Luciano Gasser*. <https://loop.frontiersin.org/people/805237/overview>

McGill. (u.å.). *Dana Anaby*. <https://www.mcgill.ca/spot/dana-anaby>

McGill. (u.å.). *Steven R. Shaw*. <https://www.mcgill.ca/edu-ecp/steven-r-shaw>

Nord Universitet. (u.å.). *Ingrid Fylling*. <https://www.nord.no/no/ansatte/ingrid-fylling#&acd=accAboutMe&acd=h-uprr&acd=h-upor&orpi=1&orpi=2&orpi=3&orpi=4&orpi=4>

ResearchGate. (u.å.). *Wenonah N Campbell*.

<https://www.researchgate.net/profile/Wenonah-Campbell>

University of Toronto. (u.å.). *Tina Malti*.

<https://www.utm.utoronto.ca/psychology/people/tina-malti>



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgåve

BSV5-300

Predefinert informasjon

Startdato:	10-05-2021 14:42	Termin:	2021 VÅR
Sluttdato:	19-05-2021 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgåve		
Flowkode:	203 BSV5-300 1 BO 2021 VÅR		
Intern sensor:	Inger Johanne Solheim		

Deltaker

Kandidatnr.:	257
--------------	-----

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	7660	Egenerklæring *:	Ja	Jeg bekrefter at jeg har <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> registrert <input type="checkbox"/> oppgavetittelen på <input type="checkbox"/> norsk og engelsk i <input type="checkbox"/> StudentWeb og vet at <input type="checkbox"/> denne vil stå på <input type="checkbox"/> utnemålet mitt *:
---------------	------	------------------	----	--

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei